



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for januar 2022.

Distrikt 2305
Klubbnr. RK
12713

Årgang
55



Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad: Klubbhuset til Hareid
IL, 6060 Hareid.
President: Anne Gry Eilertsen
Visepres: Idar Flø
Sekretær: Vegard Gjerde
Kasserar: Hanne Rognan
Past pres: Oskar Grimstad
Styremedlem: Idar Flø
Ansv.red.: Hans Gisle Holstad
Referent: Johan Ole Brandal

GYDA

Ho for forbi oss den hissige Gyda
Med væte, vind- og rare lyda
Det rann frå himmelen utan stans
Og stoppe vatnet- ingen sjans

No slikkar fleire dei våte sår
Etter første ekstremvêr no i år
Men snur vi ansiktet vårt mot vest
Vi ser ein heftig lågtrykksfest

Dei står og ventar i ordna kø
Og piskar opp ein uroleg sjø
Så set dei kurs mot oss i nordvest
Fordi det er vi som toler det best

Vi går her bøygde mot regn og blest
Og lurar på treng vi redningsvest
Vind og væte mot ansiktet slår
Slik er det med oss kvart einaste år

Dei som først slo seg ned i nordvest
Vart herda mot masse regn og blest
Med desse genane står vi han av
Når regnet piskar mot opprørt hav

Knut Arne Høyvik

Rotarymøte 3. januar 2022.

3. januar var det ikkje Rotarymøte pga strenge koronar reglar som førte til at klubblokalet var stengt.

Rotarymøte 10. januar 2022.

10. januar var det ikkje Rotarymøte pga strenge koronar reglar med stengt klubblokalet.

Referat frå Rotarymøte 17. januar 2022 .

17. januar var korona restriksjonane letta, slik at vi kunne ha Rotarymøte i klubblokalet.

Maks 3 personar ved kvart bord og minimum avstand på 1 meter.

Idar Flø leia møtet, i presidenten sitt feriefravær.

Dagens programpost var ved Hareid Rotarymedlem, John Stennes.



John har vore medlem i Hareid Rotary sidan 1990, og har såleis lang fartstid i klubben.

John har vore med i diverse styre på distriktsplan i mange år, og blei for nokre år sidan heidra med Paul Harris Fellow, med safir for vel utført arbeid.

Spesielt har John vore engasjert i det Internasjonale arbeidet Rotary tek del i.

I dette foredraget, ville John drage oppmerksomheita mot kjerneverdiane i Rotary, og fortelle litt om det Internasjonale arbeidet, som han trudde mange var lite kjende med.

Rotary sin intensjon er å "gagne andre", først og fremst, og vi skal bidra til fred og forsoning.

Han var innom forskjellige aktivitetar som Hareid Rotary har vore med i oppgjennom åra, samt ungdomsutveksling, rotasjonsprinsippet og organisering av dei forskjellige prosjekta.

John er oppteken av at vi skal ha ein plan i arbeidet vi er deltakarar i, og at vi skal bidra til finansieringa av Rotary Foundation og andre finansieringskilder i Rotary.

Det blei litt diskusjon om Hareid Rotary sitt bidrag til Rotary Foundation og utsagn frå foredragshaldaren, som av nokre blei oppfatta som kritikk av måten klubben har vore leia på.

Polio pluss har vore på agendaen til Rotary i alle år, og framleis manglar det litt før sjukdomen er heilt utrydda. (Afghanistan og Pakistan)

Foredraget avslutta med ein filmsnutt med vakker song frå forskjellige song-grupper i Armenia.

Vi takkar John for eit interessant foredrag.

Rotarymøte 24. januar.

Møtet starta med songen "Dei gamle fjell i syningom".

Etter dette fekk Otto Holstad ordet for å eit kjapt "3 minutters" innlegg, i samband med ex Rosenborg trenar Nils Arne Eggen sin bortgang denne veka.

Otto fortalde at han hadde hatt gleda av å møte Nils Arne ved fleire høve, spesielt minstest han ein kamp mellom Rosenborg og Paris Saint-Germain FC (PSG), som dessverre enda med tap for Rosenborg.



Kveldens hovedforedragsholder var Magnar Hatløy,

Magnar er daglig leiar i Ulshav, som tidlegare hadde namnet Ulstein produksjon.

Bakgrunnen for at Magnar var beden om å halde foredrag, var at Mjøl og Meir (Ulshav) skal opne bakeri, med utsalg på Hareid, i lokala der Konrad Alvestad hadde bakeriet sitt.

Dette er noko innbyggjarane i Hareid ser fram til, og interessa for kva Magnar hadde å fortelje var derfor stor.

Ulshav er ei tilrettelagt bedrift for arbeidstakarar med spesielle behov, men dei har også ein del "vanlige arbeidstakarar", som tek seg av arbeidsoppgåver som kan vere farlig, t.d. elting, steiking og anna krevjande arbeid innan bakarfaget.

Bedrifta driv produksjon av diverse produkt, og sal.

Bakeriet på Hareid vil gi 5 nye arbeidsplassar og skal fungere som eit fullverdig håndverksbakeri, etter same modell som Mjøl og Meir i Ulsteinvik.

Vareutvalget vil vere Brødvarear, pluss litt kaker.

Åpningstida vil vere frå 0830 eller 0900 til 1630 på kvardagar, og 0930 til 1500 på laurdag.

Bakeriet tek sikte på åpning 2. veka i februar.

Som avslutning på møtet opna presidenten for kommentarar etter forrige Rotarymøte, den 17. januar.

Fleire hadde ordet, og noko av innhaldet frå møtet 17. januar blei diskutert og tilbakevist..

Referat frå Rotarymøte 31. januar 2022 .

Dette var eit programfritt møte, med bra frammøte og god prat rundt borda.